

**MØTEBOK HALLINGTINGET**
**TID:** 28. og 29. oktober 2021

**STAD:** Vestlia Resort

**Desse møtte på Hallingtinget:**

<b><u>Hol kommune</u></b> Petter Rukke Lotti Larsgard Sigrid Simensen Ilsøy (28. okt) Hanne Håtuft Martin Grøslandsbråten	<b><u>Hemsedal kommune</u></b> Pål Terje Rørby Petter Owesen Helene Sagabråten (29. okt) Norunn Rivedal
<b><u>Ål kommune</u></b> Solveig Vestenfor Jørund Li Anne Vetteren Grøthe Ivar Brevik Ingeborg Kaslegard Frydenlund	<b><u>Nesbyen kommune</u></b> Tore Haraldset Bård Heio (28. okt) Heidi Hovind Sezer Geir Olav Garthus Adnan Helja
<b><u>Gol kommune</u></b> Heidi Granli Herbrand Jegleim Leif Norhaug Kristin Bakke Haugen	<b><u>Flå kommune</u></b> Merete Høntorp Gandrud Anette Heiplass Steinar Andre Steinarsson Kristin Gullingsrud Tor Egil Buøen

**Forfall:**

Andreas Smith Eriksen, Hemsedal kommune

Tom Rune Blakkestad, Gol kommune

**Frå rådmannsutvalet møte:**

Ole Johnny Stavn Hol kommune, Henrik Skovly Nesbyen kommune, Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk Gol kommune (29. okt), Odd Egil Stavn Flå kommune (29. okt) Pia Rørby Ruud, Hemsedal kommune

**Administrasjon Regionrådet**

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar, Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

**Frå Viken møte:**

 Roger Ryberg(Ap) Iselin Haugo Stavn (H), Eli Hovd Prestegården (Sp) Desse møte 29. okt.  
 Lasse Narjord Thue, Maria Helen Bjørnsen

**Sak 09-21      Årsbudsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025.****Vedtak**

1. Hallingtinget tilrår at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2022, med ei kommunal finansiering på kr. 2.180.000 + 300 000 (Ungt entreprenørskap) = kr. 2 480 000
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, tilrår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2022, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 733 701,67 for 2022 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2023.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til tiltak som oppstår i budsjettåret.
5. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale samarbeidstiltak, der det ikkje er sett av midlar.
6. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2022 - 2025.

**Sak 10-21      «Sats på Hallingdal»**

Knut Baglo frå Proneo informerte om kva som er gjort så langt i prosjektet og presenterte ein førebels utviklingsplan. Hallingtinget gav gode innspel til prosessen med å utarbeide ein utviklingsplan for Hallingdal. Denne vil vera klar i januar.

**Sak 11-21      Presentasjon av TID stiftelsen**

TID stiftelsen v/Ingunn Solberg Skalle, Hilde Kirkebøen og Kristin Giljebrekke Andersen presenterte «TID- stiftelsen» med både ord og tonar. Dei informerte om kva TID er og kva TID kan bidra med for folk med ulike utfordringar

**Sak 12-21      Strategisk plan for Hallingdal.**

Handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal 2022 - 2025 vart gjennomgått og det vart gjort små justeringar i møte. Sjå vedlegg.

**Vedtak**

Hallingtinget vedtek Strategisk Plan Hallingdal 2022-2025

**Fredag 30. okt 2021****Sak 13-21      Samarbeidsavtale for politiråd**

Politiet ved Brit Fyksen og Pål Kaspar Mikkeldrud, samt SLT koordinator Ole Reidar Lågrinn informerte frå sitt område, samt bakgrunn for avtala som var lagt ved saka.

**Vedtak:**

1. Hallingtinget vedtek samarbeidsavtale for politiråd
2. Ordføraren i kvar kommune får fullmakt til å signere avtala

**Sak 14-21      Viken - kva no?**

Fylkesordførar Roger Ryberg informerte om prosessen i Viken og høyringsfristar i kommunane fram mot møte i Fylkestinget 16-17 februar, der det skal avgjerast om Fylkestinget går for oppløysing av Viken eller ikkje.

### **Sak 15-21      Startupp Hallingdal. Finale i Startup.**

#### **Tre finalistar presenterte sin ide.**

Tori Snerte vil utvikle «**Snertehaugen mjølk og musikk**» i Hemsedal med formidling av kultur, økologi, landbruk og møte mellom menneske. Ho vil sette dette i system og blir meir synleg.

Stian Øygardslia. «**Kraftkar**» eit fornybart energiselskap. Dei skal levere og handtere fornybar energi som solcelle og vindkraft. Skape arbeidsplassar for ei meir berekraftig framtid.

Guri Skjelde vil utvikle og produsere **sirkulær tanntråd** i miljøvenleg materiale. Prototype er laga og målet er at folk skal få betre tannhelse.

Hallingtinget var jury og Guri skjelde vart Vinnar av Startupp Hallingdal 2021. Vinnaren fekk 30.000 kroner. Andre- og tredjeplass fekk 10.000 kroner.

### **Sak 16-21      Korleis fungerer det regionale samarbeidet? Ei økt der me presenterte og gjekk drøfta regionalt samarbeid.**

- Kva har me fått til i Hallingdal fordi me har stått saman
- Korleis skal me arbeide vidare – kva er løysinga
- Korleis ser Vike og omverda på Hallingdal.

Presentasjon og resultat av uformell Kahoot, ligg vedlagt

### **Sak 17-21      Samferdselssaker Knut Arne orienterte kort om**

- Status NTP
- Kollektivpilot Hallingdal
- Hallingdalsløysinga

### **Sak 18-21      Gjeninnføre Hallingdal Tingrett**

Den nye regjeringsplattforma opnar for endring i domsstolsreforma. Regjeringa vil: «Gjeninnføre strukturen for domstolane før domstolsreforma av 2021 for å ivareta borgaranes rettstryggleik og sikre sjølvstendige domstolar med stadleg leiing, med unntak for domstolar der domstolsleiar, kommunane i rettskretsen og dei tilsette gjennom sine tillitsvalde er samde om å oppretthalde dagens struktur.

Eit samla Hallingting var samde om følgjande uttale som blir sendt til justisdepartementet.

#### **Uttale frå Hallingtinget:**

Hallingtinget som det øverste politiske samarbeidsorganet i Regionrådet for Hallingdal (kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol) med 5 kommunestyremedlemmer frå kvar kommune, der den eine er ordføraren, ber om gjennføring av Hallingdal tingrett som sjølvstendig leia domstol. Dette vil gi det beste domstoltilbodet i form av nærleik, tilgjenge og rettstryggleik til innbyggjarane i dei seks kommunane i Hallingdal. Hallingtinget syner til tidlegare vedtak i Regionrådet for Hallingdal og ikkje minst regjeringa si politiske plattform (Hurdalsplattforma).

**Sak 19-21      Eventuelt**

Pål Rørby presenterte **Startupp Extreme**. Dette er eit tilta/ein festival som ein prøver å få til Hallingdal/Hemsedal og som støttar regionen sine hovudsatsingar slik det er skissert i Strategisk Plan for Hallingdal. Næringsutvikling, profilering av regionen, bustadattraktivitet og fokus på det grønne skifte er eksempel på dette.

Jan Olav informerte om mogeleg utviding av Fagskolen i Viken sitt tilbod på Geilo. Ein forsøker å få til helsefag – observasjons- og vurderingskompetanse frå januar eller ev frå hausten 2022

Hallingdal, 29. okt 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar